

---

Saksnr: 2021/46386-1  
Saksbehandlar: Berit Alise Høivik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.11.2021

## Endre retningslinjer for søknad om tilskot til verna kulturminne

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer, med endring av tidsfrist, for ordninga Tilskot til verna kulturminne i Vestland

Samandrag

Tilskotsordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø og sikre kulturminne som bruksressurs, grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Ordninga skal gje tilskot til verneverdige kulturminne av høg regional verdi. Kulturminna skal vere prioritert i kommunale kulturmiljøplanar, regulert til bevaring/ omsynssone vern i kommunale arealplanar eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi eller interesse.

Spriket mellom samla søknadssum og tilgjengelege midlar for ordninga er stort. I samband med handsaming av fylkesbudsjett 2021 vedtok fylkestinget å stramme inn tilskotsordninga ved at ein ikkje skulle prioritere lokale kulturminne, og at ordninga vert innretta mot kulturminne av regional interesse eller verdi.

Avdelingsdirektøren si vurdering er at tilskotsordninga har vore særers vellukka og vil tilrå at tilskotsordninga vert vidareført med mindre justeringar av gjeldande retningslinjer.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

David Johannes Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Retningslinjer - Tilskot til verna kulturminne i Vestland, 12.11.2019

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Den regionale tilskotsordninga tek sikte på å gje tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane, regulert til bevaring/omsynssone vern eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi.

Tilskotsordninga vart etablert i Hordaland i 2018. Frå 2020 vart ordninga gjeldande også for Sogn og Fjordane. Dette er også med å forklare auka i søknadsmengd.

Tal på søknader for tildelingsåret 2021, viser ei prosentvis auke på 77%, og ei auke på søknadssum frå 6,2 millionar til 20,2 millionar i 2021.

Spriket mellom samla søknadssum og tilgjengelege midlar for ordninga er stort. I samband med handsaming av fylkesbudsjett 2021 vedtok fylkestinget å stramme inn tilskotsordninga ved at ein ikkje skulle prioritere lokale kulturminne, og at ordninga vert innretta mot kulturminne av regional interesse eller verdi.

Fylkesdirektøren ventar vekst i samla søknadssum i framtida. Den meir planmessige innretninga på ordninga har ført til høgare kvalitet på kulturminnetiltaka som søker tilskot.

### Vurderingar og verknader

I 2020 vart ordninga innført for heile Vestland fylke. Det var då 4 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane, av dei totalt 17 kommunane som sendte inn søknader. Desse var fordelt på 49 enkelte søknadsprosjekt.

I 2021 var det totalt 27 kommunar som søkte, der 9 var frå Sogn og Fjordane - regionen. Talet på enkelte søknadsprosjekt i 2021, var 87, som viser ei auke på 77%, sendt frå kommunar i Vestland.

Den totale søknadssum har auka med 226%, frå ca. 6.2 millionar kroner i 2020, til omlag 20,2 millionar i 2021. Tilskotsordninga legg grunnlag for mykje verdiskaping og samla totalkostnader på istandsettingsprosjekta er rekna til ca. 40 millionar kroner i 2021, som er ei auke på 186% frå 14 millionar kroner i 2020.

Det viktige ansvaret kommunane i Vestland fylke har på kulturminnefeltet, er av fylkesdirektøren sin vurdering, at ordninga vil vere særskild viktig for fylkeskommunen si samhandling med kommunane i Vestland fylke. Kommunane har sjølv ansvar for lokale kulturminne og det statlege Kulturminnefondet har tilskotsordningar retta mot desse.

### Gjeldande innretting:

I retningslinene for søknader knytt til verna kulturminne 2020/2021 står det følgjande::

Kva kan støttast?

«Kommunane kan berre søke tilskot til faste kulturminne i Vestland som enten er

- prioriterte i kommunal kulturminneplan
- regulerte til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova
- vurderte av fylkeskommunen som kulturminne av høg regional verdi

Tiltak som stettar fleire av dei tre kriteria vert prioriterte.»

### Framlegg til innretting frå 2022:

Kva kan støttast?

«Det kan berre søkast om tilskot til faste kulturminne i Vestland som er:

- prioriterte i kommunal kulturminneplan
- vurderte av fylkeskommunen som kulturminne av regional verdi eller interesse.

Kulturminne regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova vert prioriterte.»

Med ein søknadsfrist i midten av mars, vil det ta lang tid for oppstart og gjennomføring av mange av restaureringsprosjekta. Dette er grunna i lang sakshandsamingstid, som også vil auke i samsvar med auka saksmengd. Dette fører vidare til fleire søknader om utsetting av rapportering på bruk av tilskotsmidlar, då oppstart av tiltaket blir skjøve ut i tid.

Framlegg til endring av søknadsfrist frå 15. mars til 1. februar.

**Vedtakskompetanse**

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

**Økonomi:**

Storleiken på tilskot for 2022 vert handsama av Fylkestinget i ordinær budsjetthandsaming

**Klima:**

Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen.

**Folkehelse:**

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

**Konklusjon**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak slik saka ligg føre.

Mindre justeringar av retningsliner slik at det kan berre søkast om tilskot til faste kulturminne i Vestland som er:

- prioriterte i kommunal kulturminneplan
- vurderte av fylkeskommunen som kulturminne av regional verdi eller interesse.

Kulturminne regulert til bevaring/omsynssone etter plan- og bygningslova vert prioriterte.

Søknadsfrist er 1.februar.